



Kinn kommune



OSTERØY
KOMMUNE



Sunnfjord
kommune

Til Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane

13.03.2023

Sluttrapport – midlar til å involvere innbyggjarar i klimatilpassing

Vi viser til dykkar e-post 11.04.2022, og stadfestar med dette at midlane har vore nytta som planlagt. Vi ber om å få utbetalt gáva til kontonummer 3705 39 85832, prosjekt 760019, klima og miljø.

Kommunane Kinn, Osterøy og Sunnfjord fekk 30 000 kroner frå Sparebankstiftinga til gjennomføring av tiltaket som er omtalt nedanfor. Midlane er nytta til innkjøp av automatiske vêrstasjonar. Kommunane har supplert med eigne midlar i innkjøpet og nedlagt eigeninnsats for å involvere innbyggjarane i bruken av stasjonane gjennom møte og verkstader.

Kostnader

53 stk Netatmo automatiske vêrstasjonar, med regnmålar – totalt 101 367 kroner eks. mva.

Bakgrunn

Kommunane deltek i forskingsprosjektet [Medverknad for klimatilpassing](#). I samarbeid med Vestland Fylkeskommune, og med finansiering frå Forskningsrådet skal Vestlandsforskning, Norce Klima og Institutt for geografi ved NTNU teste ut ulike medverknadsmetodar for datainnsamling, visualisering av klimakunnskap og deltaking i planprosessar. Dette skal skje i kommunane Osterøy, Sunnfjord og Kinn, som alle har behov for å styrke arbeidet med klimatilpassing.

Som eit delprosjekt ønskte kommunane å engasjere innbyggjarane i innsamling av vêrdata og observasjonar. Dette skal bidra til å auke forståinga og engasjementet rundt kunnskapsgrunnlaget for klimatilpassing.

Gjennomføring

Dei tre kommunane har kjøpt inn vêrstasjonane i eit samla anbod. Det er gjennomført verkstader med interesserte innbyggjarar i kommunane, saman med forskarane i hovudprosjektet. Innbyggjarane har fått opplæring i installasjon og bruk av vêrstasjonane. Vêrdata frå stasjonane er tilgjengeleg på <https://weathermap.netatmo.com/>. Til saman utgjer slike data nyttig kunnskap som både forskinga og kommunane kan bruke som grunnlag for å innrette tiltak for klimatilpassing. Stasjonane er også nøyaktige nok til at yr.no nyttar temperaturmålingar frå slike, jf. <https://www.yr.no/artikkel/private-vaerdata-inn-i-yr-varselet-1.13963299>.

Innbyggjarane har og fått opplæring i bruk av nett-appen [CitizenSensing](#). Ved hjelp av mobil, nettbrett eller PC, kan innbyggjarane ta bilete og registrere i appen små og store naturhendingar, til dømes overvatn. Dette vil og vere nyttig informasjon som ein kan samanstille med vêrdata og flaumdata for å innrette tiltak for klimatilpassing.

Kommunane jobbar og med eit opplegg for skular, der elevar og lærarar deltek i å lage statistikk for vêrdata og registrere naturhendingar.



Kinn kommune



OSTERØY
KOMMUNE



Sunnfjord
kommune

Sunnfjord kommune har fokusert på flaumutfordringar og innbyggjarar langs Gaularvassdraget. For Kinn kommune har det vore viktig å rekruttere deltakarar som ikkje vanlegvis deltek i kommunale planprosessar, og for datasamling ved kritiske punkt for flaum og steinsprang. Osterøy kommune har ein kombinasjon av geografisk spreing basert på risiko for flaum eller skred og kartlegging av kritiske punkt.

Dei automatiske vêrstasjonane er katalysatorane for samarbeidet med innbyggjarane. For å ikkje ekskludere nokon grunna kostnaden, har kommunane inngått ei avtale med kvar innbyggjar om å få utdelt vêrstasjonane mot at dei deltek i prosjektet med observasjonar. Meininga er at deling av data skal fortsette også etter prosjektperioden, slik at både tilsette, innbyggjarar, forskarar og andre interesserte kan nytte delte data no og framover.

Rekneskap

Kostnader	Beløp i kroner
Eigeninnsats kommunane 90 t	75 600
Utgifter medverknadmøter/verkstader (10 000 per kommune)	30 000
Innkjøp av automatiske vêrstasjonar 35 stk (15 per kommune)	101 367
SUM	206 967
Finansiering	
Eigne midlar kommunane	176 967
Klimatilpassingsmidlar frå Miljødirektoratet (i prosess)	0
Sparebankstiftinga	30 000
SUM finansiering	255 600

Med helsing

Kaja Standal Moen

Kinn kommune

Viviann Kjøpstad

Osterøy kommune

Truls Hansen Folkestad

Sunnfjord kommune